

# Eit ung blikk på Enerhaugen

## «Ung på Enerhaugen 1950 – 1960»

Av Stian Nybru

Ungdomskulturen i Noreg vart lite dokumentert på slutten av 50-talet. Ungdommen hadde knapt fått sin eigen identitet, og begrepet ungdomskultur fantes ikkje endå. Landets største avisar konsentrerte seg mest om tema som bolignød, byutvikling, politikk og arbeidsliv.

Det eksisterar særstak biletar av norsk ungdom frå slutten av 1950 og tidlig 60-tallet. Det vesle materialet som er kjent frå 50-talet, er som regel bilete teke av pressefotografar ved dei største avisene, ofte teke i samband med turnstevner, eller anna organisert aktivitet. Ungdommen var ikkje prioritert som ein del av nyheitsbilete.

Det er også svært få fotografar som har dokumentert gater og arkitektur denne tida. Dette gjaldt også Enerhaugen. Tidlegare foto frå området, var blitt teke for å dokumentere dei kummerlege tilhøva Enerhaugen var kjend for, samt bilete teke i forbindelse med rivinga, som starta i 1959.

### MED BLIKK FOR KVARDAGSLIVET

Allerede som ellevåring byrja Sigurd Johansen, bebuar på gamle Enerhaugen, å dokumentere ungdomskulturen i nabogalget sitt. Johansen vaks opp på Enerhaugen på 50-talet og budde her til området vart sanert.

Han byrja fotograferinga med eit Kodak Brownie kamera foreldra gav han, som den gong kosta tjue kroner. Han fekk lov å ha eige mørkerom i heimen, noko som satte fart på fotograferinga.

Sigurds bilete gjev eit heilt anna bilete av Enerhaugen, enn det som var kjent for folk flest igjennom media. Idyll og leik blant borna i gatene, samhald mellom dei vaksne og eit levande ungdomsmiljø var til stade på Sigurds bilete.

Kva er det med Sigurds bilete som skiljer seg frå andre tatt i same tidsperiode?

Medan andre nødde seg med å spandera ei eksponering på 17. mai, familiehøgtider eller julafta, dokumenterte Sigurd dagliglivet i eit levande ungdomsmiljø på Enerhaugen. Han fotograferte alt. Familien rundt frokostbordet. Tomme gatepartier, eller personar bærande på vatn. Oversiktbilete av trehusbebyggelsen, men mest av alt; bilete av vennegjengen på tur, anten på sykkel, i båt eller i bil. Bileta var sjeldan arrangerte, men framstår dokumentariske. Sigurd fanga kvardagssituasjonar.

### KONTRASTER

Det allmenne biletet av Enerhaugen allereie frå 1800-talet var at dette var ein stad med dystre butihøve.

Henrik Wergeland skriv om dei dystre tilhøva: «Trangboddhet, dårlig økonomi og usikre forhold, det avler også ofte forbrydelse, umoralsk levesett og slett helse.»

For allmenta blei dette biletet ståande. Og før rivinga omtalte konservator Carsten Hopstock bydelen på denne måten i filmen «Enerhaugen – en Kristiania-forstad på Norsk Folkemuseum»:

«Syndens og lastens sted, med fyll, slagsmål og løse fruentimmers buler. Barndommen her må ha vert trist.

Men skulle ein så karakteristisk bydel med så enhetlig beboermiljø aldeles utviskes? Skulle bare navnet Enerhaugen få bli tilbake? Eller skulle være etterkommere få en slags mulighet til å se hvorledes folk levet et slikt sted før i tiden? –»

Lite visste han da at Sigurd Johansen sine fotografier nettopp skulle sørge for at dagliglivet på Enerhaugen på 1950–60-talet vart dokumentert for ettertida.

### EIT UNIKT PROSJEKT

På eit arrangement om Enerhaugen på Norsk Folkemuseum for ein del år sidan var tidlegare bebuarar invitert til å delta. Då møttest konservator Birte Sandvik ved museet og Sigurd Johansen. Johansen fortalte om biletene sine og Sandvik vart interessert i å sjå nærmare på desse biletene. Det viste seg å vera unike biletar for si tid, og Norsk Folkemuseum bestemte seg for lage eit prosjekt der biletene var sentrale. Folkemuseet fekk støtte frå OBOS til å engasjere ein fotoarkivar som skulle digitalisere og katalogisere biletene. Prosjektet vart kalla «Ung på Enerhaugen 1950–1960».

Biletene er nå bearbeidde, og skal snart publiseras for allmenta på DigitaltMuseum.no. Biletene skal også presenterast i ei utstilling på Norsk Folkemuseum.

Stian Nybru er fotograf og fotoarkivar på Norsk Folkemuseum. Alle foto er tatt av Sigurd Johansen.

### FAKTA OM ENERHAUGEN

I 1947 vart det vedteke at dei gamle trehusa skulle rivast.

I 1959 starta arbeidet med rivinga. Trehusa skulle erstattas med fire høghus og to mindre blokker. Blokkene sto ferdige i 1965.

Fem av dei gamle husa vart flytta og er gjenreist på Norsk Folkemuseum.



Oversikt over trehusbebyggelsen



Lek ved vannposten i Johannesgate 13.

På vei ut av Akerselva med fullasta båt. Turen går mot Oslo-øyene.





Flørt utenfor  
Langleiken 9.



Kompiser poserte ofte  
for fotografen



Få i gang kjerra!

Gutta-boys poserer med like Peu de peche jakker.





«Gutta på farten igjen. Denne gang til Husberg øya»

Radio lux, Tempo og skryting. Trappa i Smedgata var ein populær møteplass



Gjengen på sykkeltur til Bekkensten.





Med rock'n'roll på bandspelaren.

På tur til sørlandet.



«Kraftens mamma» «Mor løfter to manualer a 4kg på strak arm»



Folk bærande på bøtter med vatn var eit vanleg syn.



Familien samla rundt frokostbordet med nabojenta Turid på besøk.